

Kyrkjehol Kulturbete

KULTURBEITE

Føremål med programmet

- ♣ Kyrkjehol Kulturbete har ambisjonar om å vere eit attraktivt utstillingssvindauge for eit breitt spekter av kreativ aktivitet. Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan kunstartar som musikk, litteratur og biletkunst.
- ♣ Vi ønskjer å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i vårt eige distrikt.
- ♣ Vi ønskjer at dette kan medverke til ei positiv markering og synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

Førehandsbestilling av billettar på telefon 70 27 91 23,
eller på e-postadresse postmottak@stordal.kommune.no

Romsdals Marked – frå vikingtid til 1820

Foredrag/kåseri ved Per Devold

LØSETSTOVA, SØNDAG 15. AUGUST KL. 1930

Romsdalsmarknaden vart kvar haust i lang tid avvikla på garden Devold ved elva Rauma i Rauma kommune. Siste gongen der var marknad, var i 1819. Marknadsplassen vart då flytta til Veblungsnes på grunn av at elva endra seg på ein slik måte at det vart vanskeleg å kome til Devold med båt.



Per Devold

I dag er det Per Devold og familien hans som eig og driv garden. Ved sida av vanleg gardsdrift tek dei imot gjestegrupper for ferieopphold. «Den store hesteferda» som skal gå gjennom mange bygder på Sunnmøre og i Romsdal hausten 2004, skal ende opp på den gamle maknadsplassen på Devold. Per Devold har velvillig stilt areal til disposisjon der marknadsmiljøet skal gjenkjast. Han er sjølv historieinteressert og veit mykje om korleis livet på marknaden arta seg. Denne kvelden tek han plass ved langbordet i Løsetstova, og derifrå vil han fortelje oss om det.

UNITYKK AS Spilekavik, 8010 Ålesund

Kulturprogrammet er støtta av:

HOVE VISION A/S
HOVSLIA - 6250 STORDAL

CONTRACT
MØBLER

**Busengdal
Transport as**

HELLAND
KONTRAKTSMØBLER

**ADVOKAT
BJØRN KRISTIAN HOVE**
M.N.A.

SPAREBANKEN MØRE

STORDAL AUTO AS
HELE VERDEN
6250 STORDAL

STAVSENG
STAVSENGS
INGENØRFIRMA AS

**NORDVEST
KRAFT**

LØSET
MEK. VERKSTED

COOP STORDAL
marked 6250 STORDAL

Stordal®
STORDAL MØBLER AS



Dyrkorn Regnskapskontor AS

6250 STORDAL

STORDAL KOMMUNE
- der folk trivst

KYRKJEHOLA
KULTURBEITE

STORDAL BYGDETUN



Rosekyrkja frå 1789.

Prestestova er bygd ca. 1850.

Løsetstova kjem som namnet seier frå garden Løset i Røysetdalen. Dette er ei typisk sunnmørsstove, som vart bygd på 1790-talet.

Stabburet kjem frå garden Busengdal og er bygd ca. 1750

FORTIDSMINNEFORENINGA
Foreningen til Norske Fortidsminnemerkers Bevaring



KYRKJEHOLA KULTURBEITE STORDAL BYGDETUN

KYRKJEHOLA
KULTURBEITE



KULTURPROGRAM SOMMAREN 2004

Draumar i ljose netter

Konsert med Charlotte Fongen og Magne Fremmerlid - song, Odd J. Overøye - klaver

ROSEKYRKJA, ONSDAG 30. JUNI KL. 1930

MAGNE FREMMERLID debuterte med Rikskonserten debutstøtte i Universitetets Aula i Oslo 1991. Arbeidet m.a. som høgskulelektor i musikk før han i 1997 ble fast tilknyttet Den Norske Opera som solist. I løpet av åra ved DNO har han gjort meir enn 30 forskjellige roller!, og blir i dag rekna for å vere ein av landets fremste bassar. Fremmerlid er også mykje brukt som solist i kyrkjemusikalske samanhengar både i Noreg og internasjonalt.

CHARLOTTE FONGEN har diplomeksamene frå Norges Musikkhøgskole. Ho debuterte i Universitetets Aula med Rikskonserten debutstøtte i 1992. Same året gjorde ho «Zerlina-rolle» i Mozart's Don Juan på Den Norske Opera. Ho har sidan markert seg som solist i opera, operette og musikalar, både ved DNO og andre scener, m.a. ved Nyborg Sommeropera, og ved den Fynske Opera i Odense, Danmark. Fongen har også samarbeidd med ei rekke kjende musikarar innan pop- og rocksjangeren.

ODD JOHAN OVERØYE har utdanning frå Trondheim og USA, og har ein allsidig bakgrunn som utøvar og komponist. For tida samarbeider han med diktaren Eyvind Skeie om ein triologi basert på norske helgenlegender. Premieren på "Passio Olavi" vil finne stad i Nidarosdomen under årets Olavsfestdag. Overøye er elles mykje nytta som platearrangør for ulike artistar. Omlag 40 av notetilane hans er publiserte. Lokalt har Overøye engasjert seg for Storfjordens folkemusikk. Han er også ein av drivkraftene bak Kyrkjehola Kulturbeteite.



Magne
Fremmerlid



Charlotte
Fongen



Odd Johan
Overøye


Bandoneon solo

Konsert ved Per Arne Glorvigen – bandoneon
ROSEKYRKJA, MÅNDAG 19. JULI KL. 1930



Per Arne
Glorvigen


Bandoneon er namnet på det «besjela», unike trekk-spelet som først og fremst er kjent frå argentinsk tango. Litt spesielt er det då at dovringen Per Arne Glorvigen i dag blir omtala som ein av verdas fremste utøvarar på dette instrumentet. Med base i Paris samarbeider han med dei største, både innan klassisk og tangosjangeren, inkludert fioliniststjerna Gideon Kremer. Saman med Kremer har han turnert i Europa, USA og Asia, og gjeve ut fleire CD-innspelingar med musikk av Astor Piazzolla. Glorvigen er ettertrakta verda over, både som kammermusikar og som solist med dei store symfoniorkestra. Samtidig fornekta ikkje kosmopolitten sitt opphav på Dovre. Slik er han også kjend for sine humørfylte verbale krumspring, godt forankra i norsk mentalitet og folklore. Vi lovar ein kveld med musikalsk karisma og artisteri som evangelistane over kordøra i Rosekyrkja knapt har vore vitne til før.



KULTURBEITE

Olsokgudsteneste


Prest Nils Beite
ROSEKYRKJA, TORSDAG 29. JULI KL. 1700



Nils Beite

Tradisjonen tru vert det Olsokgudsteneste i Rosekyrkja. Kyrkjehola Kulturbeteite skal i år hjelpe til med nokre historiske innslag. Ei andaktsbok frå 1762 høyrrer Rosekyrkja til, og frå denne boka vil presten eller medhjelparar lese tekstar. Gamle salmar med tilhøyrande melodiar skal øvast inn av ei forsangargruppe. Vi prøver å finne ein prestekjole av det gamle slaget til presten Nils Beite. Også nokre personar i kyrkjebenkene skal ha gamle drakter på seg. Fortidsminneforeninga, som eig Rosekyrkja og Prestestova, vil finne ut kva folk på bygdene rundt

1860 hadde av klede til kyrkjebruk. Kyrkja har bortimot 200 sitteplassar, så dersom du vil vere med på dette, så berre kom. Kan du kle deg i gamle kyrkjeklede, er du med på å gjere gudstenesta endå meir festleg. «Den store hesteferda» skal gå gjennom Stordal denne hausten. NRK skal då gjere filmoppakt ved Rosekyrkja. Kanskje kan noko av dette brukast om att då.



KULTURBEITE

tik - tak

Kunstutstilling v/Aina Haugen og Randi Mari Haugen
PRETESTOVA, 29. JULI TIL 8. AUGUST

Sommaren 2004 presenterer vi kunstverk av to søstrar med røter i Stordal. Begge stiller ut arbeid med acryl på lerret med figurativ/abstrakt form. Kunstutstillinga vert opna ca. kl. 18.30 - etter gudstenesta den 29. juli.

Randi Mari Haugen er yngst (født 1982) og har gått treårig teikning, form og farge ved Fagerlia vidaregåande skule. Ho har også grafisk design MI frå Ålesund. Randi Mari har m.a. illustrert romanen "Det blinkar ei stjerne" i 2003. Aina Haugen (født 1973) har sidan 1995

hatt tilhald i Danmark der ho har gått på Daghojskole maleri/billedkunst og gjort sjøstudie. For det tok ho utdanning i Ålesund. Aina er no linelear på Slagelse Produktionsskole. Ho har i 2003/2004 hatt utstillingar i Danmark.



Randi Mari
Haugen



Aina
Haugen

Varm, rå og viktig

Litteraturkveld med Ragnar Hovland

PRETESTOVA, ONSDAG 11. AUGUST KL. 1930



Ragnar
Hovland

Kyrkjehola Kulturbeteite er i år så heldig å få besøk av ein av våre absolutt fremste nynorskforfattarar. Ragnar Hovland har vore svært produktiv og har gitt ut ei rad bøker for born, unge og voksne. Han utfaldar seg innan dei fleste sjangrane, og på lista over bøker han har gitt ut, finn vi både dikt, noveller og romanar.

Fra han debuterte i 1979 og fram til i dag, har Hovland mottatt ei lang rekke prisar. I 2002 fekk han Nynorsk litteraturpris for romanen Ei vinterreise. For

denne romanen fekk han også Kritikarpisen og Samlagsprisen. Forfattarskapen spenner frå bøker med eksistensielle og alvorlege problemstillingar til humoristiske småvers. Godt kjent for mange akkurat no er teksten til Kveldssong for deg og meg som Odd Nordstoga har sett melodi til.

Under besøket i Kyrkjehola Kulturbeteite vil Ragnar Hovland gje oss smakebitar frå ulike deler av forfattarskapen sin.

Glimmer

Konsert ved Sturla Sundli - fele/hardingfele og Andreas Aase - gitar


LØSETSTOVA, SØNDAG 22. AUGUST KL. 19.30

STURLA & ANDREAS er ein spennande Trondheimsbasert duo som har utvikla eit brillant samspel gjennom tolkning av midtnorsk folkemusikk, og der slåttane si melodiske kraft står i sentrum. Duoen har i det siste hausta store superlativ i internasjonal musikkpresse, og blei spelemannsprisnominert for sin siste CD, "glimmer". Sturla & Andreas er dessutan kjend for sin sjarmerande sceneopptreden, med lune kommentarar og kreativ presentasjon av musikken.

STURLA EIDE SUNDLI (fele & hardingfele) deltok på sin første kappleik som åtte-åring. I 1999 blei han kvalifisert som «A-klas-



Ei: Sturla Eide Sundli og
Andreas Aase.



KULTURBEITE

felespelar». Merittlista omfattar store oppgåver både nasjonalt og internasjonalt. Han har representert Norge i mellom anna Paris og på Euromusica i Ungarn. Sundli har solid base i folkemusikk og dansemusikk, men har også vist stor allsidigheit og eit ope forhold til andre musikkstilar. Dette har resultert i samarbeid med musikarar både frå jazz, klassisk - og rocksjangeren.

ANDREAS AASE (gitarar) har markert seg som ein svært allsidig gitarist sidan midt på 80-tallet. Ved sida av sin faste jobb i Åge Aleksandersen Band har han også spelt med Steinar Albrigtsen, Sigvart Dagsland, Jonas Fjeld/Ole Paus, og mange andre. Aase har også sett sitt stempel på ei rad CD-innspelingar med ulike artistar. Dei siste åra har han gjort seg bemerkja ved å overføre midtnorsk slåttemusikk til gitar - gjennom kreative arrangement og teknisk brilliane. Andreas underviser i musikk ved ulike høgskoler i Trondheim og har utdanningsbakgrunn frå NTNU.